

Mathias Sætre

Austrheimvegen 885

Tlf. 91379306

e-post: mathi-s@online.no

Eldrerådet

v/ Gro Johannesen

Hei. Takk for tlf. samtale 22 mai 2023. Som du var inne på, vert det litt om historien og tidlegare aktivitetar og eit spørsmål til slutt.

Praktiske aktivitetar for eldre

Litt historie. Vesttun gard har sidan 2003 vore med i ulikt samarbeid for ungdom. Me har aktiv drift m. ammeku, treverkstad og drivhus. Garden er registrert og godkjent i stiftinga INN PÅ TUNET. Me har tidlegare hatt samarbeid med skulane og frå psykiatrien i Austrheim kommune. Elles kan ein nemna aktivitetar som sløydkurs, for skuleelevar, og med kulturskulen, seniorsløyd, dreiekafe og kurs i tredreiing med Vestlandske folkekunstlag. Dei siste åra sløyddag i skulen sin haust og vinterferi i lag med ungdomsklubben.

Spørsmålet er om Austrheim kommune eller lag/ grupper kan vera med på eit samarbeid om praktiske aktivitetar for eldre på Vesttun gard som kan vera med på og femja trivsel og meistring i godt vaksen alder.

Dersom dette er noko å tenkja meir på, kan de koma på garden og sjå, synsa og tenkja høgt-. Håpar på svar »Uansett grad».

Med helsing

Mathias Sætre